

# Teknisk

Landbruks- og matdepartement  
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Arkivkode  
V10

Vår ref.  
09/1765 - OLAFRO

Dykkar ref.

Dato  
29.01.2010

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING - FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVEN

Frå møte i Hovudutval Plan og Ressurs den 21.01.2010, saksnr 7/10.

Det vart gjort fylgjande vedtak:

Kommunane i Hallingdal har drøfta forslaget til verneheimel i jordlova. Dette brevet er handsama politisk i Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Hol kommunar. (Ål kommune og Hol kommune fremmar etter politisk handsaming alternative høringsuttaler.)

*Hemsedal kommune stiller seg bak vurderinga av at verdfull matjord treng eit sterkt vern.*

*Slik me les det vil ikkje framlagte forslag føre til vesentlege endringar i Hallingdal. Dette ut frå punkta 4 og 5 i forslaget til nye bestemmelsar:*

- *at vernet skal gjelde verdifull dyrka jord. Arealenes kvalitet og egnethet i matproduksjonen, særleg for matkorn, vil være et vesentlig kriterium, men også arealer til førproduksjon kan være aktuelle*
- *at arealene bør være av en viss størrelse og mest mulig sammenhengende*

I Hallingdal har me lite areal som fell inn under punkta over. Me vil difor trekkje fram noko SLF sjølv understrekar – nemleg at forslaget ikkje må endre viktigheita av å halde oppe eit sterkt jordvern i område som ligg utanfor jordvernområda òg. Slik me ser det er det svært viktig at innføringa av den nye verneheimelen ikkje fører til A- og B-areal, med den konsekvensen at B-areala lettare kan byggjast ned enn det som er tilfelle i dag. Hjå oss er alt jordbruksareal viktig og me har ikkje meir jordbruksareal enn at det uansett skal svært tungtvegande grunnar til før det er forsvarleg med omdisponering.

Hovudutval for Plan og Ressurs stiller seg bak høyringsuttala ovanfor, og sender uttala til Landbruks- og matdepartementet for behandling

Med helsing

Ola K. Frogner  
Leiar næring og landbruk